

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/22	Formannskapet	PS	01.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-C22	22/114

### Oppstart av temaplan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune

#### Vedlegg:

Plan for friluftslivets ferdselsårer - tildeling av tilskot Austrheim kommune

Tildeling av tilskott til friluftslivets ferdselsårer, vår 2022

Referat møte med Austrheim kommune

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune startar opp **Plan for friluftslivets ferdselsåre i Austrheim kommune.**

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Finansieringa av arbeidet vert teke av løyvd tilskot og eigeninnsats.

#### Formannskapet - 077/22 - 01.09.2022

#### FS - behandling:

Morten Sognnes (H) var tilbake i formannskapet frå denne saka, han var ugild i 076/22.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må sjå dette opp mot planane som ligg for ein tursti i området rundt Austrheimhallen. Her svara Asbjørn Toft og Kari Utkilen at ein hentar inn også data om nye ferdselsårer, både frå innspel og registreringar frå Strava, som viser kvar folk faktisk går. Utkilen sa vidare at planen også gjev grunnlag for å nytta seg av ei tilskotsordning. Fylkeskommunen satsar på ro- og padleruter i Vestland, der ein kan få tilskot til både kartlegging og tilrettelegging. Berre kommunar og friluftsråd (Bof) som kan søka, og fristen er 15. september. Bergen og Hordaland Turlag ønskjer å søka, det må gå gjennom kommunen. Vidare har kommunen tenkt å be Bergen og Omland friluftsråd om å søka om flytebrygge i området på Øksnes, for at desse kan få tilgjenge frå sjøsida med robåt eller kajakk. Men Bof ønskjer å jobba med kartlegging av ruter med gradering, og det blir nok det som blir søkt om.

Ordførar Per Lerøy refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

#### FS vedtak:

Austrheim kommune startar opp **Plan for friluftslivets ferdselsåre i Austrheim kommune.**

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Finansieringa av arbeidet vert teke av løyvd tilskot og eigeninnsats.

## Saksopplysninger:

Austrheim kommune fekk etter søknad den 01.04.2022 tildelt kr. 120.000 av Vestland fylkeskommune til å få på plass ein **Plan for friluftslivets ferdselsåre**. I løyvinga står det:

*Austrheim kommune vert tildelt **120 000 kr** til prosjektet Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer 2022 på sjø og land i Austrheim kommune.*

*Det blei i søknaden oppgitt at 90 000 kr av dei omsøkte midlane ville gå til BOF for bistand i prosjektet. Vi opplyser i denne samanheng om at prosjektmedarbeidar Håkon Tufteland i BOF har sagt opp sin stilling og at BOF som ein konsekvens av dette har valt å sei opp samarbeidsavtalen om friluftslivets ferdselsårer med Vestland Fylkeskommune. Det arbeidast no med å få på plass ei prosjektstilling ved fylkeskommunen for å kunne tilby kommunane den same bistanden i prosjektet som det BOF kunne tilby. Denne prosjektstillinga vil delvis finansierast med prosjektmidlane som elles ville blitt kanalisert til BOF via tilskot til kommunane. For Austrheim sin del vil dette sei at kommunen får utbetalt 30 000 kr i tilskot, medan 90 000 kr går til prosjektbistand frå Vestland Fylkeskommune.*

I tillegg til ferdselsårer på sjø og land er det naturleg at planen omhandlar utgangspunkt for turar og turmål. Eksempler her kan vera parkeringsplassar, senter, kollektivknutepunkt, utsiktspunkt, hytter eller andre attraksjoner, som for eksempel kulturminner og stadar som Vardetangen og Fosnstraumen. Planen kan visa korleis slike "målpunkt" kan knyttast sama med ferdselsårer for å gi eit godt og attraktivt turtilbud. Planen skal gi ei skildring av nåsituasjon, og skissera tiltak for å ivareta og utvikla ferdselsårene i tråd med mål som er satt for planarbeidet.

Austrheim kommune hadde synfaring og møte med to tilsette i Vestland fylkeskommune den 8. august 2022. Der vart det informert om at fylkeskommunen med ein nytilsett i ein prosjektstilling vil tilby kommunane den same bistanden i prosjektet som det BOF kunne tilby. Dette er såleis no på plass og avtalt i samsvar med løyvinga. Austrheim kommune har etter råd frå fylkeskommunen no lagt ein prosjektplan for arbeidet som skal gjerast. Denne prosjektplanen er nokolunde i samsvar med andre kommunar i Vestland, men tilpassa det at me er ein kystkommune. Prosjektplanen er som følgjer:

## **Prosjektplan for Plan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune**

### **Bakgrunn**

Planarbeidet er forankra i planstrategien for Austrheim kommune 2020- 2024 som er vedteke i kommunestyret. Kommunedirektør er prosjekteigar.

### **Mål for arbeidet:**

Føremålet med Plan for friluftslivets ferdselsårer er:

- Auka fysisk aktivitet og betra psykisk helse hjå innbyggjarane i kommunen
- Auka kommunen sin attraktivitet som reisemål
- Auka attraktivitet som bustadkommune
- Sjø løyper/farlei for padling/roing i samanheng med turgåing og friluftliv på land
- Meir tilgjengelege turruter for folk i alle aldrar og funksjonshemmingar

- Færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen
- Betre koordinering mellom aktørar som driv med friluftsliv og reiseliv

#### Plan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune skal:

- Alle ferdselsårene skal merkast med tilkomst frå parkeringsplassar og/eller kaiar
- Minst tre ferdselsårer skal gjerast tilgjengelege for rullestol og barnevogner
- Sy saman padleløyper med turstiar/turvegar på land i samanhengande ferdselsårer
- Sjå ferdselsårene i samheng med Dagsturhytta og Kysthytta og reiselivet i regionen
- Historiske ferdselsårer (bygdevegar/stiar) på land skal registrerast

#### **Avgrensing av arbeidet:**

##### **Tematisk:**

Plan for ferdselsårer skal omhandla følgjande bruk: Barmarksturar, padling/roing og sykling og kartlegga friluftslivets ferdselsårer på sjø og land i Austrheim kommune.

##### **Geografisk:**

Plan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune gjeld for heile kommunen.

##### **Organisatorisk forankring**

Kommunedirektør er prosjekteigar. Anvaret for arbeidet vert lagt til plan og kultur. Tilsett hjå Vestland fylkeskommune vil bistå aktivt i arbeidet med å få denne temaplanen på plass.

##### **Organisering av arbeidet**

Prosjektleder: Plan

##### **Prosjektgruppe:**

Plan v/Asbjørn Nagell Toft og kultur v/Kari Utkilen.

##### **Referansegruppe:**

Nordhordland turlag, Ungdomsrådet, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Referansegruppa blir involvert i tråd med framdriftsplan.

Andre partar som må involverast er grunneigarar og andre med særskilt interesse i område ferdselsårene vert kartlagt og kartfesta. Desse vart særskilt invitert til opne møte og eigne kontaktmøte.

##### **Økonomi**

Det er sett av inntil 120.000 i tilskot. Det blir og ein eigeninnsats frå kommunen sine tilsette og andre partar som blir involverte. Tilsett i fylkeskommunen får betalt av tilskotet som er løyvd til Austrheim kommune for gjennomføring av dette planarbeidet.

##### **Medverknad**

Oppstart skal annonserast på kommunen si nettside, der vil det framgå kva som er målet med planen, framdrift og kontaktperson for innspel og kommentarar undervegs.

Referansegruppa vil bli brukt aktivt i prosessen, og vil vere viktig i kartleggingsfasen. Aktuelle organisasjonar, grunneigarlag og andre vil bli kontakta skriftleg med førespurnad om innspel.

Det vil bli arrangert eit opne møte like etter oppstart, med orientering om planarbeidet, innhald og framdrift. Planforslaget vil bli sendt ut på høyring til dei som har vore involverte undervegs, som ein

kvalitetssjekk på ferdig plan.

### **Innplassering i kommunen sitt planverk**

Resultata frå planen skal leggest inn som ein temaplan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune.

### **Etterbruk**

Ferdig plan vil bli lagt til grunn for merking av nye ferdselsårer, og som grunnlag for nye turkart og informasjonsskilt tilpassa både innbyggjarar og tilreisande.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren er glad for at Austrheim kommune fekk tildelt 120 000 kr til prosjektet Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer. Som ein kystkommune med mange øyar og holmar er det naturleg at me ser på land og sjø i samanheng. Det er og viktig å vidareforedla det god arbeidet kommunen alt har gjort for friluftslivet. Det er positivt at ein tilsett hjå Vestland fylkeskommune kan bistå i dette planarbeidet.

Det å sjå Kysthytta, Kilstraumen, Dagsturhytta, Vardetangen, Årvikane, øyane, Fosnstraumen og den indre farleia i samanheng er positivt for både innbyggjarane våre og reiselivet. Det å laga ein plan på den sørvestelege delen av kommunen som Fosnstraumen, og Hoplandsmarka vil kunne utvikla også dette området som eit attraktivt turmål både frå sjø og land. Ei uthamn her vil binda turmåla i kommunen meir saman funksjonelt og kvalitetsmessig.

Stiane, padleløypene og ferdselsårene me følger på turar er avgjerande for vår utøving av friluftsliv. Kommunedirektøren ser at det er klar samanheng mellom utforming av ferdselsårene og bruken av dei. Rundturar og turar i kultur- og naturlandskap er meir attraktive enn turar som går fram og tilbake, eller i meir bebygde og trafikkerte område. Nærleik til ferdselsårene er også vesentleg.

Kommunedirektøren synes føremålet med ***Plan for friluftslivets ferdselsårer for Austrheim kommune*** er gode. Det som og er positivt med Plan for friluftslivets ferdselsårer er at Austrheim kan følgja opp vidare det som me ynskjer å få på plass. Ein plan vil gjera det lettare for oss å få tilskot til ymse tiltak som fremjar friluftslivet.

Kommunedirektøren rår til at **Plan for friluftslivets ferdselsåre i Austrheim kommune** vert starta opp i samsvar med prosjektplan vist i saksutgreiinga.

### **Konklusjon:**

Plan for friluftslivets ferdselsåre i Austrheim kommune vert starta opp som vist i prosjektplan.